



Åse Neset blir intervjuet som ordførar Synnøve Solbakken. (Foto: Trude Aarsand, Kvinnheringen)

Uskedelingen Åse Neset er sentral i revyggjengen i Omvikdalen som viser påskerevyen sin tre gonger no i palmehelga. Omvikdalen ungdomslag har lange og gode tradisjonar på området og kjem sterkt attende etter åtte års revypause.

Revyveteran Bjørn Skibenes seier dette er bygderevy på sitt beste.

Kvinnheringen skriv om Åse etter første framsyning at ho parodierte ordførar Synnøve Solbakken godt og framstilte henne som "smilande, sakleg og lyttande til alt som vert sagt".

Anmeldar Trude Aarsand tek av seg hatten for revyveteranane Reidar Guddal, Kjell Musland (også han uskedeling), Åse Neset og Ørjan Bakke. Ørjan spelar ein litt hjelpelaus journalist frå Grenda som er ein artig gjennomgangsfigur i framsyninga.

Svært gode takter viste også nykommarane Christian Tveiten og Hilde Olderkjær.

Kampsaker har fått mye merksemd i revyen som varar halvannen time. Utbyggjinga av Hattebergvassdraget, ferjestøsa, kampen for 30-sone, fusjonen mellom skyttarlag og bygdestriden mellom Rosendal og Husnes blir kasta lys over på nye og morosame måtar. Bøndene frå dalen går heller ikkje klar ablegøyene.

Dyktige amatørskodespelarar, slåande humor, gode instruktørar og eige revyorkester sytte for god

underholdning og det var raske, effektive scenskifte, gode songnummer og morsame ordspel med lokale namn mellom nummera.

Per Myklebust (frå Uskedalen) tek seg av lyset.

Det er ny framsyning laurdag kveld og sundag set dei punktum.